

Vest politidistrikt



Postboks 285 Sentrum

5804 Bergen

Att: Kjell Idar Vangberg, Namsmann

Dykkar ref : 201900045-2 70

Kjevikdalen 27 februar 2019

## Praksis for inndriving av ikkje betalt renovasjonsavgift.

Viser til brev dagsett 15.01.2019 der NGIR IKS og eigarkommunane vert oppmoda til å vurdere praksisen og finne andre måtar enn tvangssal som metode for å få inn avgifta.

NGIR takkar for innspela og vil vidare prøva svara på dei ulike momenta som er påpeika.

NGIR IKS hadde i 2012 ein gjennomgang av praksisen vedkomande innkrevjing/inndriving av renovasjonsgebyr og såg på alternative måtar å få inn ubetalte krav. Gjennomgangen vart gjort etter eit initiativ frå Einar Vatne og dei andre som var med var: Janne Sund (Lindås kommune), Tone Haugsvær (Masfjorden kommune), Sveinung Kvamme (Radøy kommune), Kjell Hjertås (Meland kommune), Tor Lilledal Hansen (Kemner), Frode Herland (Lindorff), Erlend Kleiveland (NGIR), Jorunn H. Pedersen (NGIR) og Henrik Kjøpstad (NGIR).

Gruppa konkluderte i møte 05.11.2012 (sjå fullstendig referat vedlagt):

*..... å gjera dei endringane ein såg føre seg på førre møte ikkje let seg gjennomføra i praksis og rutine kommunane og NGIR har i dag vert vidareført slik dei er i dag. Det var semje om at prosessen hadde vore særst nyttig og at arbeidet som dei tilsette i kommunane gjer ved å vurdere krava grundig før evt. begjæring om tvangssal er viktig. Fokuset kring saka og prosessen ein har vore gjennom har ført til at rutine har vorte betre og saker sendt til begjæring om tvangssal har vorte monaleg redusert i tråd med intensjonen til initiativtakar Einar Vatne.*

Etter denne gjennomgangen har NGIR ytterlegare forbetra rutine slik at kommunane skal få betre innsyn i prosessane vedkomande innkrevjing og moglegheit til å vurdere alternative løp til inkasso (sjå referat vedlagt). Det er viktig å presisera at det er økonomikontoret i kvar kommune som gjev fullmakt til eit ev. tvangssal. NGIR kvalitetssikrar at kravet er rett og at det ikkje er betalt, så tar kommunen avgjersla på vidare framdrift (inkasso, lønstrekk, sosiallån osv.)

Rutinar innført/endra etter førre gjennomgang:

1. NGIR sender etter kvar fakturering lister til økonomikontora i kommunane med oversikt over skyldnarar som står i fare for å verta oversendt Lindorff for innkrevjing. Dette vert gjort for å gje kommunen høve til å handsama einskilde skyldnarar annleis enn i eit normalt innkassoløp.
2. Etter at saker er oversendt til Lindorff, sender NGIR lister til økonomikontora i kommunane over kven som har blitt overført Lindorff for innkrevjing. Dette vert gjort for å gje kommunen høve til å følgje utviklinga i saka (at kravet faktisk er overført innkrevjing og kommunane får saksinformasjon).
3. Alle økonomikontora i kommunane har fått tilgang til Lindorff Access (Lindorff sitt dialogsystem) slik at ein kan fylgja kvar enkel sak og komma med innspel viss ein ser utfordringar, eller veit om moment som må takast omsyn til.

4. NGIR har korta ned tida som går med til fakturering (særleg om våren) slik at kommunane kan avrekna/motrekna uteståande gebyr mot t.d. skatt til gode (slik at ein kan unngå inkasso).
5. NGIR har i samarbeid med Lindorff og kommunane arrangert årlege fagdagar for å få innsikt i kvarandre sin jobb og felles fagleg forståing.

Tvangssal er meint som er eit verkemiddel som lovverket har lagt opp til i yste konsekvens, for å få innbyggjarar til å betala gebyr som er sett på som samfunnsmessig viktige (kommunale gebyr inngår i desse). Det er mykje ressursar som vert lagt ned i å få inn disse krava før tvangssal. Først sender NGIR purring, deretter sender Lindorff purring/inkassovarsel. Det vert vidare sendt betalingsoppfordringar og det vert nytta telefon/SMS for å komma i kontakt med skyldnar. Ein finn løysingar og gjer avtalar undervegs i innkrevjingsløpet, viss ein kjem i dialog. Sær sjeldan resulterer saker i tvangssal, men med over 20 000 abonnentar er det ikkje til å unngå at det er nokon som ikkje kan/vil gjera opp kravet.

Det vert vist til at kemneren i Bergen bistår BIR med å få inn renovasjonsavgift. I Bergen kommune er det ikkje BIR som fakturerer abonnentane, men Bergen kommune, ved kemneren. NGIR sine eigarkommunar (med unnatak av Fedje) har gjort vedtak på at NGIR skal fakturera abonnentane. Kva løp som kan veljast for inndrivning av ubetalte krav vert difor litt ulikt.

Konklusjon etter førre runde med tilsvarande henvending frå politiet var at det ikkje skulle gjerast endring i bruk av inkasso, men rutinane vart noko forbetra, spesielt i forhold til informasjonsflyt.

Dersom politiet ynskjer det, kan NGIR kalla inn til eit fellesmøte der politiet, kommunane, Lindorff og NGIR deltek. Me ber i så fall om framlegg til tidspunkt der politiet kan stilla.

Med helsing



**Bjørn Berg**

Dagleg leiar

Tlf: 56 34 33 29 / 90 11 05 45

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonselskap

Kopi til NGIR sine eigarkommunar